

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Leksvik

Emne: Transport av høy

Bygdelag: Leksvik sokn

Oppskr. av: Johan Moan

Gard: Moan

(adresse): Leksvik

G.nr. 8 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Av eiga røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

For vel hundre år sidan - eller i tida for 1830-40 - var tremeisleden den mest brukte høyredning for høy i Leksvik. Dette gjaldt både for sommar- som vinterföre. Men ved dette lite tok folk til bruk av eit hjulpar bakpå sleden. Dette var primitive greier. Hjula var ikkje anna enn tjukke skiver som var saga av digre stokkar, utan jarngjord, og aksla var også av berre tre. Aksla med hjulpar vart så fest til bakenden av sleden, og det er ikkje tvil om at han vart lettare av dette, især i motbakkar. På ein støre gard, Tetlia, var der i 1850-60 noko slikt som 50 slike hjulsledar.

Når ein vil lesa høy på ein vanleg tremeislede har framgangsmåten vori slik: Det turre høyet som ligg på marka blir raka ihop, slik at det blir liggande i samlingar som om ein har brukt hjulvogn og hest. Så blir det laga sloer. Dette går slik til: Ein vakun kar eller ei vakun kvinne lagar fengjer på den måten, at ein med riva

rakar høy mot venstre foten sin til det er vorti kring 12 kg. høy. Dette er ei fengje - eller kjemne som det heiter i Leksvik. Stråa skal savidt liggja same lina i fengja, ellest har ho lett for å gå ründ når ein skal opp på aksla med henne. Ho skal og vera så forseggjort at det mest iktige ligg strå att, etter ho er teken bort.

Der ein vil laga ei sloe, legg ein først med ein riktig sterk staur. Toers over denne blir så lagt eit lag kvist. Han som skal laga sloa, og som no er ferdig med første fengja, tek no denne opp på venstre aksla. Der ligg fengja på högkant, slik at det som var opp medan ho låg på marka no snær inn mot venstre øyre. Ein støder fengja med venstre handa, på same tid som ho blir pressa nedåt aksla med riva, som no står på lag opp ned og blir heldt av högre handa.

I denne stilling går ein så dit sloa skal lagast og legg fengja ned på kvistane. Det går 10 slike fengjer i kvar sloa og alle fengjer skal liggja same lina. Høyet skal med andre ord liggja på same viset som ved skiene i ei vdfamn. I ei slik sloe skal det vera kring 125 kg. høy. Ho kan vera kring ei lita manns högd hög og av same lengd som sleden. Når ho er kvest riktig godt oppå, kan

ho halda for ei dægeleg regnbløyte.

Når ein skal køyra sloa dit ein vil laga stakk av ho, eller til høyløa, går det slik til: Ei grind eller ræme som blir laga av eit par staurar eller lekter, nesten så lange som sleden, og to tværslær som kan vera kring 60 cm lange, blir lagt oppå sloa. Denne grinda eller ræma heiter høytong i Leksvik.

Så serrar ein sloa isaman ovanifrå, på den måten at ein tek reip frå endane på slostaurar og opp i endane på høytonga, og dreg til.

No er høysloa som ein slagstaut pressa høyballe å sjå til, og ho tåler mykje klypsing utan å ramla rundt.

Når ein er kommen med hestene og tremsledene og plaseret den sist nemnde atmed sloa, blir denne velt på sida. Ein dreg så sleden heilt innåt og bikkar så sloa inn på sleden, så ho står som ho først stod.

Noko reip til å festa sloa åt sleden kring vanlegvis ikkje. På tremsledene er vanleg opprettstående knaggar eller horn, og desse bit seg fast i høylasset.

Slik køyrde dei høy i gamle dagar, og slik blir det gjort i eit markslåttene enda, om nokon finn det for godt å driva med markslått.

Da dei kring midten av føre  
hundraåret tok til å bruke sleder med  
hjul bakpå, og det som regel var mange  
slike sleder på gardane, gjekk dei  
meir og meir over til <sup>til</sup> lessa beinveges  
på sledene, utan først å laga sloe. Men  
da og brukte dei høytong på lasset, og  
så vart det senna ihop med reips. Ein  
feste da reip i endane på sleden  
og i endane på høytonga og drog  
til.

I tidå kring den tysk-franske  
krigen tok ein til å bruke vogna  
under høyttransporten. Men enda  
brukte ein ikkje høytgrinder. Det  
var å lessa sloe på vogna, notes  
som var så tungt at det helst  
måtte vera 3 mann om det. Ein  
brukte da også å velte sloe på sida.  
Så vart vogna og velt på sida innåt  
sloe. Og så vart sloe senna til vogna  
med reip. Til slutt var det så å  
velte vogna med lasset på rett  
hjul. Men dette røynte på både  
lit karane og på vognhjula.

No for tidå blir mest alt høyt  
brakt i hus på vanlege lovogner med  
grinder på. Berre på 3-4 gardar i  
bygda brukar dei 4-hjula vogner i  
slåttonna. Lit vanleg høytlass no for  
tida kan vega frå 150 til 200 kg.

Leksvik er som ein smelteming  
av fjord-skog- og fjellbygd, - eller  
kanskje alle tre delane. Likevel fins

det neppe mange som ber højet i hús på ryggen. Har ein så mykje som eit par gjuter, så har ein og som regel ei handdrag eller ei bildebare til å frakta inn højet på. - - -

Idag - og så langt tilbake som folk vit om - har sleden vori viktigaste reidskapen å frakta høy på vinters tid. Herum og andre med lite jord kjerne og brukte kjilkam, om ein oftast fekk dei hest og slede. Om dei ikkje hadde kontantar for hestelån eller køying, så gjorde dei byarbeid.

For hundre år sidan fanns det neppe ein bonde i Leksvik som ikkje droiv med markaslatt om sommaren. No er dette mein sjeldan. Men i sommar med stabilt og godt slattomver blir det likevel ikkje laga så få høystakkar i utmarka.

Den vanlegaste storleiken på ein slik stakk er frå 300 til 5-600 kg. høy eller 1 eller 2 vinterlass. Det går til vanleg 2 sommarlass i vinterlasset, og eit vinterlass inneheld gjerne 300 kg. høy.

Før i tida var lassa mindre. Dei var da da minst 1/3 eller 1/4 mindre enn idag.

Den vanlegaste måten å lesa eller gjera i stand eit vinterlass på har vori slik: Når det gjeld lesing

6  
frå stakk, plaserar ein først sleden  
i høveleg fråstand frå stakken, løysur  
så opp dei 3 bverriipa og 2 enderiipa,  
derom ein brukar enderiipa. Til  
høghøyring blir gjerne breidda på  
sleden lanka noko, med ei fjöl  
på kvar side, som er festa til  
korslær som går kross over sleden  
og ligg oppå denne. Dette er for at  
det skal vera lettare å lesa, og  
at ein skal sleppa å plukkka  
inn så mykje høg når ein skal  
fjerra ferdigt lasset for ein skal  
avstad med det. Så blir ein solid  
staur stappa med ved kvar ende av  
sleden. Den frumme stauren må stå  
innom stira (frumst korbrett) på  
sleden, og den bakre stauren innom  
den bakre korbrett (karnaren). Dette  
er for at dei skal tåla presset  
under lessinga. Staurane må dess-  
utan pikka noko innover mot  
kvarandre med iore endene (teppen),  
serleg den frumste. Dette er også  
for skuld presset og for at lasset  
skal bli litt stöttare i overkant enn  
i underkant.

Ein må helst vera to stk. når  
ein skal lesa frå stakk. Den  
eine riv høg frå stakken og den  
andre står på sleden og tek i mot,  
legg det så lagvis eller flovis utover  
og trækker godt. Slik held ein på  
til ein er kommen opp i manns høgde.

Så er det tøringa. Ein legg da først høytonga oppå lasset. Høytonga må vera så lang som lasset, til vanleg er dette 2 m. langt i øverkant. Tunderkanten er det gjerne  $2\frac{1}{3}$  m. eller så langt som sleden er lang til, utan tuppene på meiane. Sleden er 70 sm. brei.

Brúkar ein esdneip, sūrar ein desse først. Dei blir festa mellom framenden av sleden og framenden på tonga og mellom bakenden på sleden og bakenden på høytonga. Er tonga sterk, så ein kan brúka makt, har ein godt tak på å få ihop lasset på denne måten. Når ein har sūra med endneipa, tek ein til med dei 3 torreipa. Denne tøringa må gjera oppatt 2-3 gonger dersom lasset ~~er~~ skal bli hardt nok. Og ein må alltid stå oppå lasset under tøringa, for lasset skal søkka ihop berre innanpå - ikkje frå sidene.

Det krevst forresten ikkje så lite øving i å sūra eit høylass som det skal vera. Det gjeld mellom anna å gjera eit lite jemp eller hopp for kvar gong ein rykker i reipet. Ein gamal takst er, at ein skal ikkje

grua å få handbaken innom side-  
reipa på sida av lasset, — først da  
er suringa god. Men da har eg  
så lasset sokki rop ein tvedjipart.

Så plukkar ein lasset reint for  
lauve høydollar, som blir lagt  
under eit reip oppå lasset, og så  
er det ferdigt til å køyrast heim.

Når ein køyrer høy frå høyløer på  
fjellet, brukar ein oftast lauve  
grinder under lessinga. Dette blir så  
hekkla av når lasset er surna ein gong.  
Dette med lauve grinder er mykje  
lettvintare enn utan; og ein kan  
da lesa ferdigt lasset på ein time,  
om ein er alene.

Under transport på stutte fræ-  
standar surnar ein bene fast  
sommargrindene på sleden og  
kamper høy i desse. Dette går så  
snøgt, at det har ikkje så mykje  
å seia om ikkje lasset blir full-  
arktigt. Og så trøng ein ikkje vera  
meir enn ein person under  
arbeidet da hell.